

VEDTEKTER (LOVER) FOR FOREININGA RUBBESTADNES BEDEHUS (BEDEHUSET PÅ RUBBESTADNESET)

- § 1 Alle som soknar til Bedehuset på Rubbestadneset, og held fast på den evangelisk lutherske kyrkja si vedkjenning, *er medlemmer av foreininga*. (eig huset)
- § 2 Føremålet med *Foreininga Rubbestadnes bedehus* (huset) er å samle *folk* (folket) til oppbyggelege møter på Guds ords og den evangelisk lutherske vedkjennings grunn i *Rubbestadnes bedehus*. Likeeins å samla folk til misjonsmøter og andre samkomer som fremjar arbeidet i Guds rike heime og ute.
- § 3 Kristne samfunn eller personar som står utanfor den evangelisk lutherske vedkjenning kan etter særskilt styrevedtak få nytta huset til einskilde møter. Det må då ikkje koma i vegen for det faste kristne arbeidet. (Formannen eller ein av styrelemene skal då vera på møtet.)
- § 4 Styret kan også leiga bort huset til samfunnsgagnlege føremål. Programmet for slike samkomer må ikkje vera i strid med *foreininga* (huset) sitt føremål.
- § 5 Styret for *foreininga* (huset) skal ha 5 medlemmer som skal vera vedkjennande kristne. Dei vert valde på årsmøtet. Dette vel og 2 varamenn og 1 revisor. Det går ut 2 og 3 medlemmer skiftesvis annakvart år. Revisor vert vald *kvart* (annakvart) år. Styret vel formann, varaformann, skrivar og *kasserar* (kassastyrar). Det er røysteført når minst 3 medlemmer er til stades.
- § 6 STYRET SI OPPGÅVA:
1. Sjå til at huset vert bruka i samsvar med *vedtektene* (lovene).
 2. Ta vare på huset og syta for økonomien.
 3. Kalla inn til årsmøtet og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap.
 4. Setja fast leiga for huset.
- § 7 Årsmøte skal haldast kvart år, *helst i januar* (i januar) månad, og skal førehava:
1. Årsmelding og rekneskap.
 2. Valg av *styremedlemmer* (styrelemer) og revisor.
 3. Andre saker. Forslag må vera sendt til styret skriftleg seinast 14 dagar før årsmøtet. Røysterett har alle som fyller vilkåra i § 1 og er over **18** (20) år.
- § 8 *Endringar* (Brigde) i desse *vedtektene* (lovene) kan berre gjerast på eit årsmøte. Alle framlegg til *endringar* (brigde) må vera sendt skriftleg til styret minst 3 månader før årsmøtet og vera underskrevne av minst 10 røysteføre personar. Slike framlegg må styret kunngjera i god tid før årsmøtet. Framlegga må ha 2/3 fleirtal for å verta vedtekne. Første punkt i § 2 og § 9 kan ikkje *endrast* (brigdast).
- § 9 **OPPLØYSING AV FOREININGA RUBBESTADNES BEDEHUS**
- Det er kun årsmøtet som kan vedta at foreininga skal oppløysast. Vedtak om oppløysing må skje på to ordinære etterfylgjande årsmøter. Vedtaket er gyldig ved 2/3 delts fleirtal.*
- Ved oppløysing av foreininga skal foreininga sine midlar / verdier forvaltast av kyrkjesoknet ved soknerådet til beste for evangelisk luthersk arbeid i Rubbestadneset.*

(Vedteke på møte 23.4.1963 av styra for dei 7 kristne laga.) *Vedteke på årsmøtet 15. februar 2017.*

Forslag til endringar er skrive inn med raud skrift og den gjeldande teksten er satt i parantes.